

## Årsmelding for 2007

Dette året har styret i Sandsøy IL bestått av: Leiar Bjørn Thore Hansen, nestleiar John Longva, kasserar Svein Helge Bringsvor, sekretær Anders Bringsvor og styremedlem Terje Follestad. Varafolk til styret har vore Lisbeth Helland og Oddbjørg E. Olsen.

Vi har hatt 4 styremøter.

Drifta i år har gitt ei omsetning på vel 91000,- og der av eit overskot på ca. 20000,-. Viser elles til rekneskapen og gjennomgangen av den.

Sandsøy IL består i hovudsak av fotball- og trimgruppa.

Fotballgruppa har i år hatt 41 fotballspelarar i aksjon, 26 gutar og 15 jenter, fordelt på 4 lag; minigutt 7, minigutt 10, smågutte 14, og gutte 16.

Fotballgruppa har, saman med kiosk- og banenemnda, arrangert 15 heimekampar, derav ein seniorkamp mellom Kvamsøy og Sæbø, og to minigutt-turneringer.

### Minigutt 7

Trenara: Ove, Kristin og Eirik. Oppmann: Gunhild Anfinnsen

Spelte turneringar saman med lag frå Kvamsøy, Larsnes og VanKam.

Laget var med på Gursken Cup i august.

### Minigutt 10

Trenar: Anders, oppmann: John

Spelte turneringar saman med lag frå Åheim, VanKam, Dalsfjorden og Åram. Laget var med på Gursken Cup i august og avslutta sesongen med Tare Cup på Color Line Stadion.

### Smågutte 14

Trenar: Anders, Oppmann: Arnvald

Laget gjorde ein bra vårsesong, vann tre kampar og tapte like mange. Ein tredjeplass i serien av dei laga som ikkje brukte overårige, resulterte i opprykk til 1. divisjon. Haustsesongen blei vanskeleg med hard motstand i kvar kamp. Framifrå innsats gav lite poeng, men mange gode enkeltomgangar, mellom anna leda laget 3-0 til pause mot kretsmesteren.

### Gutte 16:

Trenar og oppmann: Bjørn Thore

Laget opplevde ein vanskeleg vårsesong, en seier på sju kampar var ikkje det ein hadde tenkt seg. Haustsesongen gjekk betre, fem seiera på sju kampar førte laget opp på femte plass i serien. Sesongen blei avslutta med Dahle Cup i Kristiansund, ei innandørsturnering i femmerfotball. Vi stilte med et guttelag og eit jentelag. Guttelaget rauk ut i kvartfinala, jentelaget spelte bedre og bedre, men klarte ikkje å gå vidare frå gruppespelet.

Også i år har Sandsøy samarbeidd med Kvamsøy på senior-nivå, 7 spelarar var med og spelte kampar i 6. divisjon

18. november blei fotballsesongen avrunda med avslutningsfest på Dollstun. Alle fotballspelarane med foreldre var inviterte. På programmet stod utdeling av diplomar og premiar, og ei matasød.

Trimgruppa stiller med eigen årsrapport og der får vi mellom anna høyre meir om årets 7-toppstur.

**Andre aktivitetar i 2007:**

Tombola på Dollstun 16. juni

Laurdag 30. juni blei det for 7. gong arrangert den årlege fotballcupen i Oshaugane. Oldboyslag frå Sandsøy, Kvamsøy og Larsnes, og motstander til Sandsøy oldgirls var i år Kvamsøy. Om lag 120 betalande tilskodarar hadde funne vegen til stadion denne ettermiddagen.

Fri-idrettsdag i Oshaugane 20. oktober. Ca 40 ungar fekk prøve seg i spyd, lengde, kule og løp av ulike slag. Instruktører frå idrettskretsen. Mattelt midt på bana.

Lysanlegget på fotballbana er no fiksa. Alle seks lysa virker og dei ser ut til å fortsette med det. Arnvald har vore elektrikar og lift fekk vi låne med Bringsvor Laks.

Medlemskontingent i idrettslaget for 2007 var slik:

- born 50,-
- vaksne 100,-
- familie 200,-

Alle medlemmar fekk rabatt på kjøp av sportsutstyr hos Voksøy AS.

Spelaravgifta har vore 200,-

Dette året har vi hatt 90 medlemmar, 47 born og 43 vaksne (fylt 16 år).

Talet på tilltsvalde fordelt på ulike verv har vore 33 personar.

Styret i Sandsøy Idrettslag ønsker å takke alle leiarar, trenarar, foreldre og øvrige medlemmar som stiller opp for idrettslaget.

Styret i Sandsøy idrettslag

# ÅRSRAPPORT 2007

## TRIMGRUPPA

Dette året har trimgruppa bestått av Gunnhild Bringsvor , Kristin Grande , Inge Skare , Linda Langlo og Janicke Bringsvor.

Langfredag arrangerte vi 7 topps turen vår , det var ikkje det heilt store oppmøte men vi var veldig fornøgde då veret ikkje var heilt på vår side.

Det var 37 stk som gjekk fjellturen og 54 stk som gjekk turmarsjen.

Dette året prøvde vi med tidtaking på 7 topps turen for dei som ville det, med premiar til 1, 2, 3 plass.

Resultatet blei slik :

1. pl	Ingar Støyle Bringsvor	2,09
2. pl	Anders Bringsvor	2,12
3. pl	Thomas Bringsvor	2,18
4. pl	Bjørn Helland	2,23
5. pl	Eirik Bringsvor	2,42
6. pl	Dan Espen Sande	3,09
7. pl	Vebjørn Strømsnes	3,15

20. oktober hadde vi friidrettsdag der vi fekk kretstrenar Arve Hatløy og aktive frå Dimna i.l til å instruere våre aktive born og unge i forskjellige friidrettsøvingar.

Dei fekk prøve seg på høgdehopp, lengdehopp, spydkasting, hekkeløp, kulekasting og 60 meter.

Det var ein kjekk dag der både små og store kosa seg.

Ellers har vi trimbøkene ute heile året og slik er besøket på dei forskjellige bøkene.

Grøntua - 255

Voksehaugen - 439

Trollhola - 244

Kleiveneset/Hornhammaren - 270

Hellandsvågane - 835

- Birgny Våge 72 gonger

Rinden - 458

- Vebjørn Støyle 114 gonger

Kletten - 1130

- Erling Strømsnes 302 gonger

- Petter Toftesund 261 gonger

- Bjarne Strømsnes 123 gonger

- Kjell Toftesund 71 gonger

Hellandsvågane, Voksehaugen og Kletten har hatt auke i talet på besøkande, medan dei andre bøkene er det litt tilbake gang.

Det er 9 born frå Sandsøya som skal få trim pokal og like mange som ikkje bur her på øya.

Sjå eiga liste.

Helsing trimgruppa 2007

# TRIM POKAL 2007

Alvhild Våge  
Christoffer Bringsvor  
Sigfred Worren Nystøyl  
Gyda Myklebust  
Martin Myklebust  
Sivert Grande Strømsnes  
Elias Grande Strømsnes  
Kristian Skare  
Eirik Voksøy Bringsvor  
Ingrid Baade  
Trobjørn Baade  
Lars Andreas Worren  
Mats Erik Worren  
Halvor Mølmen  
Dina Mølmen  
Monica Mo  
Tore Mo  
Jarle Ivan Ottemo